

Kyrkjebladet for VAKSDAL

77. ÅRG. / NR. 2 - 2023



Ragnhild på
heimebane

Side 4-5

Ingrid på
bortebane

Side 6-7

Konfirmantbileta

Side 12-13

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14**Kyrkjevevje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på www.kyrkja.no/vaksdal

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

**Stoff til neste nummer må vera kome inn til 12. september.**

Bilete på framsida: Kristin S Normann og Frode Kvamsøe på kyrkja i Vaksdal sin stand i Gatå under Daledagane no i juni. Kristin hadde laga til ein fiskedam, og det var stadig innom born som fiska og fekk snop i premie. Foto: Christine Einebærholm

Eg frys!

Eg sit her på kontoret og skriv dette. Rett før eg begynte å skrive var eg innom og såg på værmeldinga på Yr-appen. På Yr står det at det er 13 grader og sol. Eg trur difor med at det er noko gale med synet mitt, for ute regnar det. Det hadde heller ikkje vore nok i vegen for at Vår Herre skrudde opp temperaturen med 10-12 grader. Men som det står skrivne lar Vår Herre det regna over både skuldige og uskulldige. Eg er usikker på kva eg er skuldig, eller uskulldig i, men regnar gjer det. Kva skjedde med den globale oppvarminga? Eg har mei tru på ei ny istid.

Apropos is, eg har ikkje spist ein einaste sidan 17 mai. Det er liksom ikkje det same med is når du er så kald, før du skal opna isen, at du må blåsa liv i valne fingrar for å få av papiret.

«Du som sit så nære presten ordnar vel dette» sei folk. Hadde det berre vore så enkelt. Nei, eg får gjera som fuglane gjer om hausten å ta å fly mot sør.

For dei av dykk som er igjen i gamlelandet vonar eg at gradene stig noko. Det er mogleg at Vår Herre lar sola skina over uansett skuld, om du er i tvil om kva kategori du stiller i, kan du sikkert googla deg fram til det, eller spørje AI på telefonen din.

Eg veit ikkje lenger, det einaste eg veit er at eg frys, og at eg skal fyra i kveld!

God sumar.

Bjart-Magnus N Rosvold
Kyrkjevevje i Vaksdal

FERIESTENGT: Grunna til tider låg bemanning i sommar kan det hende at Kyrjekontoret er ubemanna i den annonserte ekspedisjonstida. Ring gjerne på førehand for å sjekke om det er nokon der viss du vil kome innom. Eller prøv att ein annan dag.

Fellesrådsleiar:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no**Björgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstyrar: Kyrkjevevja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Vaksdalposten**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** RKGrafisk, tlf 99 21 42 00**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 DalekvamKyrkjebladet frå 2002 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



HUGSAR DU Å PUSTE?

Nei, det gjer du nok ikkje. For pusten går av seg sjølv, ikkje sant? Noko av det viktigaste dei sjekkar når me vert fødde er om me pustar. Og om me gjer det sjølv. Tenk om me hadde hugsatt attende til då me vart fødde og for fyrste gong heiv etter pusten!

At me kan puste er heilt avgjerande for livet vårt, sjølv om dei fleste av oss tek det for gjeve at me pustar av oss sjølve. Det er ikkje noko me går rundt å tenkjer på sånn til dagleg. Rett nok er et ikkje alle som har det slik. Skader eller sjukdom på lunge og andre vitale organ gjer at dei må kjempe for kvart andedrag, at kvart andedrag er eit slit. Medisinar hjelper litt til, men framleis er det eit slit. Respirator eller anna hjelp til å puste trengs kan hende for å halde ein i live. Og når ein ikkje pustar lenger, då er det slutt.

No skal ikkje dette vere eit slags medisinsk føredrag eller noko slikt. Men like viktig som oksygen er for kroppen vår er pusten viktig for trua. Me kan ikkje tru utan denne pusten - utan denne anden. Og ja: Eg meiner Den heilage anden! Me har nett feira pinse, ei høgtid som vert rekna som tida då kyrkja vart fødd. Jesus hadde reist frå jorda ti dagar tidlegare, i alle fall slik me reknar hendingane inn i vår kalender. Han hadde lova å kome attende, og sagt til

sin etterfylgjarar at dei skulle vente på ei kraft. Ja, på ei kraft. Dette var ikkje ei ny kraft, for anden var der alt før jorda vart til.

Me les jamvel om menneske - i skapings-forteljinga i 1. Mosebok kapittel to - at Gud bles livspust i nasen på det, «og mennesket vart ein levande skapning.» Og i pinsa kom anden og blas liv i kyrkja. Blas kyrkja *til* liv!

Andedretten vår er usynleg, stort sett i alle fall, men livsviktig likevel. Litt slik som med vinden: «Vinden ser vi ikke, men vi merker den, snart som stille susing, snart som storm igjen». Slik syng me i ein pinse-salme. Pinsa handlar om livspust. Om livspusten frå Gud. I Pinsa las me om at då Jesus møtte læresveinane etter oppstoda «anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande!» Anden er den pusten som gjer det mogleg for oss både å ta imot trua og leve i trua. Difor er det avgjerande for oss å gjere som Jesus seier: Ta imot!

For slik livet og pusten er ei gåve er trua ei gåve. Å vere kristen er ei gåve - ei nådegåve. Her er det mykje å finne ut av, og mykje me likevel ikkje kan skjønna. Men me skjønar at me treng å puste for å leve. Og då skjønar me kva som må til for å tru: Å ta imot livspusten. Å ta imot Anden!

God sommar!

Helsing Frode Kvamsøe

Illustrasjon: Dua er eit symbol på Den heilage ande. Denne illustrasjonen er henta frå ein av messehaklane i Vaksdal kyrkje

Ragnhild på heimebane

I pinsa var Ragnhild Lakang Nordmark heime hos foreldra på Boge ein tur, og nytta då høve til å vere med i høgtids-gudstenesta i Vaksdal kyrkje. Der held ho preika og var med og delte ut nattverden.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi, der ho fekk møte både sambygdingar og andre kjente.

Prest

Ragnhild vart vigsla til prest i Nettet kyrkje i Møre bispedøme den 1. april («heilt seriøst, eg tullar ikkje!») i 2013, og har såleis litt over 10 år fartstid som prest. Og dei som vil lese litt om den dagen kan finne fram Kyrkjebladet nr. 2 det året (det ligg ute på heimesida vår). Sidan har ho vore prest i tidlegare Nettet kommune og i Tromsø, og sidan 2020 har ho vore kapellan i Mandal.

- Ein kapellan er prest nr. 2 i ein kyrkjelyd. Kapellane gjer dei same kyrkjelege tenestene som soknepresten; gudstenester, vigslar, gravferder, samtalar, institusjonsbesøk, andaktar og soknebod med meir. Men det er soknepresten som har hovudansvaret for arbeidet i soknet og som har sete i sokneråd og eventuelt i kyrkjeleg fellesråd.

Gudsteneste

1. pinsedag

- Det var verkeleg ei stor oppleving for meg å vere med i gudstenesta på Vaksdal 1. pinsedag. Det var der eg lærte all liturgien me brukar i gudstenestene og alle salmane

som eg elsker. Det var der eg lærte kva det er å høyre til noko som er større enn meg sjølv og min eigen familie. Det var der eg fyrste gong fekk av erfara at eg hadde ein plass i kyrkja på trass av at eg - til mamma og pappa sin store fortviling - ikkje evna å sitje i ro.

- Det var godt å bli ønska velkomen i kyrkja den dagen, og det var sterkt å få lov til å forkynne for den kyrkjelyden som har forma meg til den eg er. Det var ikkje skummelt, men eg kjende meg veldig audmjuk i møte med dei - samtidig som eg hadde eit stort ynskje om å få gje noko godt tilbake til dei som i oppveksten har vore så gode mot meg.

Bodskapet

- Det var jo pinsedag, så eg snakka sjølv sagt om Den heilage ande! Om korleis me gjerne gjer henne mindre enn ho er, og dermed kan hende ikkje får erfare alt det gode Gud vil gi oss. Eg likna Den heilage ande med løvetann. For begge deler lyser opp kvar enn dei er, og begge delar er overalt rundt oss. Løvetanna sprer glede av di den er vakker, og Anden sprer glede ved å la frøa frå Guds gaver vekse i oss: kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskar, audmjukskap og sjølvdisiplin. Og

at når desse nådegåvene får vekse i oss, så vert me forandra. Og ved at me blir forandra, forandrar Gud verda! Så kom, Hellege ånd! Gi oss glede og fred og lat oss bli til vel-signing!

Kyrkjekaffi

- Det var så fint å møte folk etterpå, då det var kyrkjekaffi! Det var sjølv sagt fint å høyre gode tilbakemeldingar på det arbeidet eg hadde gjort, men det aller finaste var å kjenne at alle me som var der hørde saman! Sjølv om me ikkje hadde møtt kvarandre før, eller ikkje på mange år, så er me sysken likevel og ingen vart sitjande aleine. Det var fantastisk å kjenne på det fellesskapet. Og så var det god kake!

” *Det var fantastisk å kjenne på fellesskapet. Og så var det god kake!*

**Ragnhild Lakang
Nordmark**

Om kan hende å bli prest i Vaksdal ein gong i framtida

- Kven veit? Eg har til no tenkt at det kanskje ikkje er så lurt å kome heim og



Heime: Ragnhild deltok på høgtidsgudstenesta

vere prest for «sine egne», for det er nokon før meg som har snakke om at det ikkje er så lett å vere profet i egen by. Men etter denne helga tenkjer eg faktisk litt annleis på det. Eg kom til ei kyrkje som var strøken, det alt det tekniske fungerte og det var reint og ryddig overalt, til ei godt førebudd gudsteneste, til eit



te i pinsa.

Foto: Per Nordmark

engasjert kyrkjelydskor, ein gnistrande dyktig organist, eindeilig kyrkje-kaffi og ein open og positiv kyrkjelyd, og ikkje minst til ein kultur eg kjenner frå innsida. Alt dette er jo noko me prestar drøymmer om! Så om ikkje eg sjølv vert prest i Vaksdal nokon gong, så skal eg i alle fall varmt anbefale det for andre!

For fleire born enn meg fortener å vekse opp ein stad der det er lov til å kravle i kyrkjebenkane, turne på alterringen og le under preika. For der det er bevegelse er det liv - og der det er liv, der er det godt å vera for både små og store.

Tekst/intervju:
Frode Kvamsøe

Min salme

Eg har ikkje ein særskild salme som er «min salme», men er vakse opp med mange forskjellige - og har i grunn sans for mange salmer. Likevel liker er særleg salmer som tydeleggjer ordet «nåde». Det verkarfor mange vanskel- eg, nærmast umogeleg, å ta inn over seg og forstå. Vår menneskeleg tanke er at me får som fortent, og at me må gjere oss fortent, og innordnar livet etter det. Som mykje anna, er bibelen sitt budskap stikk motsett av vår menneskelege logikk. Me er «samtidig syndar og rettferdig», ein tvetydig eksistens. Heilt sentralt ved det å leve som kristent menneske, at ein vert tilreknarettferd ved tru. Eg tenker at me må verte frelst frå det me oppfattar som både gode og dårlege gjerningar så ein slepp å kome inn på vegen i vers 2.

Då vert salmen «Ren og rettferdig»; min samle for denne gong.

Ren og rettferdig

Norsk Salmebok nr. 449

Tekst/melodi: Ole Brattekaas (1895)

*Ren og rettferdig, himmelen verdig
er jeg i verdens frelser alt nu
Ordet forkynner, at mine synder
kommer Han aldri mere i hu
Å, jeg er frelst og salig fordi
Sønnen har gjort meg virkelig fri
Fri ifra nøden, dommen og døden
Amen, Halleluja*

*Lenge jeg tenkte, Gud ikke skjenkte
nåde til den som fattedes alt
Å måtte lide, kjempe og stride
stod for mitt hjerte levende malt
Men i min strid, min bedring og flid
fantet det bare avmakt og død
Lammet har vunnet, blodet har runnet
Amen, Halleluja*

*Å hvilken nåde, midt i all våde
Kristus har kjøpt oss just som vi er
Han måtte lide, kjempe og stride
Han måtte stå mot helvedes hær
Nå er vi frie, hør og gi akt!
Synden på verdens frelser er lagt
Gud nå forkynner nåde for synder
Amen, Halleluja*

Lars Bjarte Neshheim utfordrar Daniel Kinsarvik til å skrive om sin salme i neste nummer.



Vaflar: Vafler må til i ei Sjømannskyrkje!

ALLE FOTO: Sjømannskyrkja i Berlin

Ingrid på bortebane

Ingrid Øygard Steinkopf frå Stanghelle arbeider for tida ved Sjømannskyrkja i Berlin.

Ho byrja i august i fjor, men engasjementet går ut no i sommar. Ingrid er til vanleg frilansmusikar, med base i Bergen og tidlegare i Trondheim.

Kva går jobben din ut på?
- Her i Berlin er eg tilsett som praktikant med musikkansvar. Det betyr i praksis at eg har hovudansvar for musikken i gudstenestene, og eventuelle andre tilstellingar me har, og utover det er eg i veldig stor grad med på alt me har her. Me er berre 4 tilsette i 3 og ein halv stilling her, så alle tek i eit tak!

Utover musikken har eg jobba mykje med sosiale media, samt hatt kontakt med ANSA, som er studentorganisasjonen her. Utover det har eg vel på eit vis vore mest ansvarleg

på den faste onsdagskafeen me har her, samt vore ein del av konfirmantundervisninga, og elles med på det meste som skjer her.

Og på fritida - viss du har det - kva gjer du på då?
- Eg spelar rumpeldunk! Dei har eit veldig triveleg lag her som eg er med på.

Dei har trening tre gonger i veka, men det rekk eg ikkje over, og særleg då hovudtreninga er på søndag formiddag. Den har eg ofte litt vanskeleg for å få med meg, då eg jo gjerne jobbar då. Men eg prøver å få med meg 1-2 treningar der i veka. Det er og eit fint sosialt møtepunkt. Elles har eg gått

på tysk kurs her to kveldar i veka frå november til mars. Det gjekk med litt tid der i den perioden! Utover det, har eg prøvd å utforske Berlin og kva byen har å tilby, samt Tyskland, og reise litt rundt i landet her. Det har eg fått til greitt synes eg. Så brukar eg å gå på konsertar eller liknande



Gjør reisen til utlandet tryggere



Last ned Sjømannskirkens nødnummer-app

 Sjømannskirken



Musikk: Yngve Abelvik og Ingrid i samspel.

med vener eller nokon av kollegane mine her når det måtte passe.

Kva har dette året i Sjømannskyrkja lært deg?

- Sjømannskyrkja som organisasjon kjente eg frå før, då eg har jobba der som sommarvikar både i New York og i København. Det gav meg eit lite innblikk i kva ho driv på med. Men eg har fått eit endå meir heilskapleg inntrykk av kva Sjømannskyrkja gjer gjennom heile året. Eg har fått møtt folk meir dagleg, både kollega og menneska som kjem innom kyrkja. Og eg har fått vitje fleire andre ulike stasjonar her i Europa, som Rotterdam, Antwerpen, Brussel, Hamburg, København og Costa del Sol. I Antwerpen møtte eg vaksdølingen Svein Mellesdal, som er ein

ekte sjømann! Å møte slike folk, gir inntrykk! Då ser ein verkeleg kva betydning Sjømannskyrkja kan ha for nordmenn i utlandet.

Men no er det altså snart slutt. Kva no, då?

- Etterpå flyttar eg attende til Noreg. Og eg hadde tenkt å fortsette på mi nydelege frilanstilvære med det som måtte dukke opp av tilbod og konsertar og prosjekt som eg kan vere med på. Men det kom eit tilbod eg ikkje kunne sei nei til! Så frå hausten av skal eg jobbe for Vossajazz eit år. Det gler eg meg til!

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe

PS! Ingrid har si eige side på internett: ingridsteinkopf.com



Måltid: Svein Mellesdal og Ingrid.

KONFIRMANTJUBILEUM TIL HAUSTEN

Stamnes laurdag 23. september kl. 18.00

For årets 50-årskonfirmantar og årets konfirmantar, i Stamnes bedehus.

Vaksdal søndag 8. oktober kl. 11.00

For årets 50- og 60-årskonfirmantar. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkome i bedehuset etterpå.

Dale søndag 15. oktober kl. 11.00

For årets 50- og 60-årskonfirmantar. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkome i Dale bedehus etterpå.

Sokneråda sender innbyding til dei som står i kyrkjeboka som konfirmantar dei aktuelle åra. Men då somme har byta etternamn sidan den gong, eller av andre grunnar er vanskelege å få tak i, er det ikkje sikker ein når alle. Så ta kontakt med soknerådet (sjå s. 2) viss du saknar innbyding.

RESULTATET AV FASTEAKSJONEN

Den årelege Fasteaksjonen gjekk av stabelen før påske.

I tre av sokna var det bøsseinnsamling, og dei tre andre var det takkoffer i gudstenesta i påska. Pengar som kom via Vipps og bankkonto er og med i tala.

Bøsseinnsamling

Vaksdal sokn: Kr 27 447,-

Stamnes sokn: Kr 17 681,-

Dale sokn: Kr 17 533,-

Kjelde: www.fasteaksjonen.no

Takkoffer

Eksingedalen sokn: Kr 395,-

Nesheim sokn: Kr 2579,-

Bergsdalen sokn: Kr 3961,25

Kjelde: Sokneråda

PRELUDIUM 2

Du får tak i ho desse stadene:

Petersen Handleri # Dale kyrkje
Kyrkjekontoret # www.zeth.no
Pris: Kr. 380

BOKA ER HER!

PRELUDIUM 2 – BOKA

Boka er rikt illustrert med foto frå performansen Prelodium 2 som vart vist i Dale kyrkje 2.-4. september 2022. Oppstartinga av arbeidet var innsamling av 495 glasvarer/glas som vart fylde med vatn og sett fram i midtgangen i kyrkja. Den tredje dagen vart det dropla litt farge i glasa. Namna til dei som lånte glas til prosjektet er ramsa opp i boka. Gunnar Danbolt har skrevet ein tekst om prosjektet. Norsk/engelsk.



KVA HAR SKJEDD på Vegen SIDAN SIST?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsgagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



Borna sin påskedag: Etter gudstenesta på Vaksdal kasta me papirfly frå galleriet.

FOTO: Privat

Borna sin påskedag i kyrkjene

Palmesundag inviterte me til Borna sin påskedag i Vaksdal og Eksingedalen kyrkjer. Sjuåringar var spesielt inviterte, og alle andre var sjølvsgagt velkomne òg! Dei som var til stades fekk oppleve påskeforteljinga enkelt dramatisert ved at Edvard prest gjekk i rolle som Jesus, og dei som var i kyrkja fekk òg på sitt vera med på det som

hende, om det var å vifta med palmegreiner på palmesundag, få føtene «vaska» på skjærtorsdag, eller koma med blomar til grava på påskedag. Etterpå fekk dei som villa laga seg sommarfuglar. Sommarfuglen er gjennom ulike stadie før den blir sommarfugl, og det kan vera eit symbol på det som hende med Jesus i påska.



Borna sin påskedag: Sokneprest Edvard Bø og borna i Eksingedalen kyrkje.

FOTO: Privat

Gudsteneste på Skipshelleren

Kristi Himmelfartsdag pleier det å vera gudsteneste på Skipshelleren på Straume, der femåringer er særskild inviterte. Denne dagen vart gudstenesta på søndagen etter Kristi Himmelfartsdag, sidan denne fall på 18.mai. Me var heldige med været, og ein koseleg gjeng på nær 40 stk var samla ved fjordkanten. Kristin fortalte om sauene som vart borte, og ei jente leita høgt og lågt i rolla som bonde. Til slutt fann ho sauene igjen - den hadde gøymt seg på torvtaket! Etter gudstenesta var det sporløype med søte premiar, og bål og leik ved fjorden. Kjekt med alle som tok turen!



Skipshelleren: Frå gudstenesta i Skipshelleren.

FOTO: Privat



Ser du kvar Jesusbarnet har gøymt seg?

Generasjonssong på Dale og Vaksdal



Saman med frivilligheitsentralen har me hatt Generasjonssong på aldersheimane på Dale og Vaksdal ein gong i månaden. Det har vore kjekt og gjevande å syngja saman med dei yngste og eldste i bygdene, og godt med vaflar frå Maren etterpå!

Generasjonssong: Frå aldersheimen på Dale.

FOTO: Privat

Superonsdagar på Dale og Vaksdal

På Dale og Vaksdal har me også i vår hatt Superonsdagar, med fire samlingar på rekkje og rad, for ulike aldersgrupper. Baby- og småbornssong fyrst, etterfylgt av Etter skuletid for 5.-7. trinn, Knøttesong for 1-5-åringar og Onsdagsklubb for 1.-4. trinn. Veldig kjekt med alle som har vore innom på travle, men fine dagar, for Kristin.

Høst 2023

SUPERONSDAG

I VAKSDAL KYRKJE:

6.9., 20.9., 4.10., 1.11., 15.11., 29.11.

I DALE BEDEHUS:

30.8., 13.9., 27.9., 25.10., 8.11., 22.11.

Kl 11.30-13.30:

Baby- og småbornssong (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna.

Sjølve songstunda er ca kl 12.00.

Lunsjtreff før ogetter. Kom/gå som det passar!

Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

Kl 17.00-18.00:

Knøttesong (1-5 år)

Opplevingsrike samlingar med lek og song for borna i aldersgruppa. Mat, prat og frileik etterpå. Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

18.15-19.15::

Onsdagsklubb (1.-4. trinn)

Samling med ulike aktivitetar for alderstrinna.

Song, lek, hobby og forteljing. Litt ulike ting kvar gong. Me har ei lita matstund med frukt i løpet av samlinga.

Baby- og småbornssong i Stamnes bedehus

Me har òg sanserike songsamlingar for born

0-4 år i Stamnes bedehus ein torsdag i månaden. Songstunda er fyrst, og etterpå et me lunsj saman.

Me har drikke og kjeks/frukt.

Datoar: 7.9, 5.10, 2.11. og 30.11.

Tid: Klokka 10.00-12.00

VELKOMEN INN <3

Arr: Kyrkjene i Vaksdal.

Kristin S. Normann leier samlingane

NY ANSVARLEG FOR KONFIRMANTARBEIDET

Trusopplærar Kristin Straume Normann tek over som ansvarleg for konfirmantarbeidet i Vaksdal. Det skjer i samband med at sokneprest Edvard Bø får endra oppgåver i 20% av stillinga si. Dette er eit såkalla seniortiltak som Edvard har fått innvilga etter at han vart 65 år. Kristin sin stilling vert tilsvarande auka med 20%, med lønsmidler frå Bjørgvin bispedøme. Edvard vil framleis vere med i gudstenester i konfirmasjonstida samt i nokre av samlingane elles.

50-ÅRSJUBILEUM!

Søndag 11. juni vert det markert at Fagertun leirstad i Eksingedalen er 50 år. Sjølve jubileet var under pandemien, men no skal det feirast! Det heile skjer på leirstaden, og startar med ei familiegudsteneste kl. 12.00. Etterpå vert det matøkt og festmøte med basar. Ver velkomen!

150-ÅRSJUBILEUM!

I sommar er det 150 år sidan det fyrste Rødlandsstemna vart arrangert. Stemna vart halden på Rødland fram til kyrkja i Bergsdalen kom. No er stemna kalla for Bergsdalsstemna, og jubileet vert markert i **Bergsdalen kyrkje søndag 3. september.**



Fotoutstilling: Benedikte Bergevik.

FOTO: Per Nordmark

Inspirert av Finn.no

Benedikte Bergevik kjem frå Stavanger og har nett fullført bachelorstudiet sitt ved Universitetet i Bergen, fakultet for kunst, musikk og design.

For eit par år sidan såg ho ein husannonse på Finn.no og vart nysgjerrig på Vaksdal og besøkte og fotograferte bygda vår fleire gonger. Resultatet kunne vi sjå i våpenhuset i Vaksdal kyrkje, då ho i byrjinga av juni synte oss fotoutstillinga «Av sted». Over tretti besøkande frå fire forskjellige land fekk med seg utstillinga på sjølve opningsdagen. «Fine bilde, berre fine

bilde» var dei tre venninnene frå Vaksdal skjønt einig om.

Benedikte skriv sjølv om prosjektet sitt: «Besøkene har resultert i et prosjekt som handler om å finne et hjem og stille spørsmål rundt ideen om hjem. Hva er et hjem? Vanligvis er det stedet man vokser opp, hvor man har familie og jobb. Jeg undersøker om det er mulig å dra til et tilsynelatende tilfeldig sted og knytte forbindelser. Gjennom prosjektet har jeg funnet en slags tilhørighet til Vaksdal. Jeg har blitt kjent med historien og landskapet rundt.»



FITJAVATNET (SAMNANGER)

60.437295, 5.747816

Søndag 11. juni kl. 12.00

Fitjivasstemna! Utegudsteneste, i samarbeid med Samnanger kyrkjelyd. Felles avgang frå Langhelle kl. 10.00 for dei som vil ha nokon å gå saman med. Ta med eigen mat. Høve til grilling - ta gjerne med eiga grillklype. Ta kontakt med Edvard Bø (90 84 06 24) viss du har spørsmål.

PS: I Samnanger heiter det Nordviksæter-stemna, men det er altså same arrangement!

AGNAVIKA (STANGHELLE)

60.551762, 5.731179

Søndag 25. juni kl. 15.00

Vegen-gudsteneste / sommaravslutning. I eit heilt år har trusoppplærar Kristin innbydd til songstunder for dei yngste borna rundt om i kommunen. No ynskjer ho velkomen til ei kort gudsteneste med mykje song, der og prest Frode og organist Ruben vert med. Ta med deg noko å ete og drikke, samt noko å sitje på. Ver dårleg vêr samlast me i Stanghelle bedehus.

SKARVASTØLEN (BERGSDALEN)

60.552971, 5.998969

Søndag 2. juli kl. 15.00

Stølgudsteneste ved Skarvastølen, som ligg ved Bergsvatnet. Parkering ved betongbrua. Det tek om lag 15 min å gå. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i lavvuen på Småbrekke. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

LEIRO (EIDSLAND)

60.736280, 5.845531

Laurdag 29. juli kl. 18.00

Olsokstemna på Leiro. Dette er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gåsaman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Sauefjøset på Myster. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Edvard Bø (90 84 06 24).

BEINHELLEREN (EKSINGEDALEN)

60.855905, 6.183390

Søndag 13. august kl. 12.00

Utegudsteneste Det tek ca. 15 minutt å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbrå. Etter å ha køyrt over Trefallbrua tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca 3 km til Beinhelleren frå krysset ved brua. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i Nesheim kyrkje. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Magnar Nese (97 58 83 03).

MESSEHAGEN (DALE)

60.588406, 5.820410

Søndag 27. august kl. 12.00

FEST PÅ KJERKA

«Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. I gudstenesta vert og komande års konfirmantar presenterte. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kyrkja. Har du spørsmål kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

Sjekk heimesida (kyrkja.no/vaksdal)
og Facebook for oppdatert informasjon





Øvingsgudsteneste: Etter øvingsgudsteneste i Kroken kyrkje. Frå venstre: Bernhard Siebert, Merete Seblom, Ivar Jerald og Ruben Gjertsen. FOTO: Privat

Ruben blir kantor

Organist Ruben Gjertsen er i gang som kyrkjemusikk-student i Tromsø.

Dette vil, saman med tidlegare orgelutdanning kunne full kompetanse som kantor. Studiet er ved Kirkeleg utdanningscenter Nord (KUN), i samarbeid mellom VID og UiT (Musikkonservatoriet). Det er rundt 4 intensive samlingsveker per semester. I tillegg kjem praksisveker kor studentane vert plasserte ut i ein kyrkjelyd. Difor høver

studiet godt for organistar i jobb som treng fagleg påfyll. Studiet er tverrfagleg og har særskild fokus på den nordnorske konteksten, kor samiske salmer og liturgi er inkludert.

Kyrkjemusikarane samarbeider med studentar på praktisk teologi om øvingsgudstenester. Bjørn Andor Drage gjev timar i orgelimprovisasjon, og i korleing

får ein dirigere Grønnåsen kyrkjekor.

Kyrkjemusikkstudentane vert og oppfordra til å vere aktive på masterclass under orgelfestivalen i Bodø. I haust var det høve til å spele på det fantastiske orgelet i Bodø domkyrkje. Festivalen er eit godt møtepunkt for kyrkjemusikkstudentar i Noreg.

Kyrkjevalet 2023

Måndag 11. september skal det velgjast nye sokneråd i Noreg. Her er kandidatlistene for sokneråda i Vaksdal:

Bergsdalen sokn

Kari Kristin Hopperstad Rødland
Berit Pettersen
Ragna Lid
Anne Hilde Fosse Osvold
Dan Berge
Bjørn Fosse

Dale sokn

Eli Leiren
Elisabeth Verpelstad
Lisbeth Skorpen
Trond Vaksdal
Marion Gjerme Jakobsen
Maria Brekke
Renate Standal
Anita Kjøndal

Eksingedalen sokn

Kari Brørvik
Elisabeth Holt
Rune Nesheim
Lars Patterson

Nesheim sokn

Gøril Kvinge Nesheim
Håkon Øvstedal
Anita Gullbrå
Solfrid Urke Nese
Jan Arne Fjellanger
Arne Nesheim
Lars Bjarte Nesheim
Frøydis Gullbrå

Stammes sokn

Monica Myster Dyvik
Eidrun Straume Normann
Olaug H. Lunde
Vivian Farestveit
Rune Gullbrå
Bjørn Stamnesfet
Bjørn Samuelson
Eli Marit Hvidsten
Jane Wenche Kulshamar
Olav Arnstein Vik
Karin Johanne Rosvold
Ann Therese Stamnesfet
Anne Margrethe Eikefet

Vaksdal sokn

Tove Margrete Nordmark
Tormod Amundsen
Siv Torlaug Hisdal
Heidi Rongved
Grete Loftheim Dale
Oddvar Dale
Per Nordmark

Meir informasjon kjem i Vaksdalposten si valavis og i seinare annonsar, samt i sosiale media og på kyrkjelydane i Vaksdal si heimeside.

Konfirmant




Konfirmanten i Bergsdalen kyrkje 28. mai: Ida Hoddevik Fosse og sokneprest Frode Kvamsøe.

FOTO: Mathias Hoddevik.

FLYGEL- AKSJONEN

Blir du med på siste innspurt? Det går stadig framover, men me manglar framleis kr 24.371.

Mål: 216.000 kr
Status pr 25. mai:



Vipps: 137194
Bank: 3530.23.95746

Vaksdal sokneråd

ar i Vaksdal 2023



Konfirmantar i Dale kyrkje 7. mai:

Framme frå venstre:
 Ingri-Sabrina Dalseid Gjørund
 Ingeborg Rakfjord Sandvik
 Frida Helle
 sokneprest Frode Kvamsøe
 Andrine Oen Tjønneland
 Milla Sellevold Farestveit
 Natalie Vinje Hamre

Bak frå venstre:
 Magnus Bjørkheim Haugsvær
 Adrian Emile Dale
 Emil Gjermo Jakobsen
 Keisha Rhianna Solberg
 Ole Dalseid Landro
 Marius Høvik Olsen
 Kenneth André Standal Andersen

FOTO: Janne L. Berge



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 7. mai:

Framme, frå venstre:
 Leah Celine Olsen Hammersland
 Maria Langeland Vaksdal
 Marthe Ulveseth Herfindal
 sokneprest Edvard Bø
 Leah Mari Hvidsten
 Johanne Rohde
 Amalie Skage Grenasberg
 Sofie Hisdal

Bak, frå venstre:
 Leo Herfindal Søndergaard
 Tobias Seievåg Ness
 Adrian Fosse Gullaksen
 Kristoffer Holme Birkeland
 Kevin Bertinius Johnsen Kydland
 Håvar Herfindal
 Theodor Seievåg Ness
 Elias Hesjedal Haug
 Olav Tranøy Boge

FOTO: Janne L. Berge



Konfirmantar i Stamnes kyrkje 14. mai:

Framme frå venstre:
 Emma Linnea Mo Lilletvedt
 Sara Andrea Mo Brekkhus
 Henriette Nybø
 sokneprest Edvard Bø
 Ina Hesjedal
 Sigrid Pedersen Eilertsen

Bak frå venstre:
 Aleksander Appeltgren Ramberg
 Joakim Stamnes Vik
 Marius Tennebekk Vik

FOTO: Janne L. Berge

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

**Vi har stillas
med hengar til leige.
Telefon 481 44 680**

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



 **eviny**

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Sæterdal
Elektro



**Me leverer alt innan
elektrikartenester.**

Tlf. 565943 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no

**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus**

Sjå Idehus.no

IdéHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Vangen
Elektriske



HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

• Elektro svak- og sterkstrøm • Alarmanlegg • Teleinstallasjonar • Brannvarsling • Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

• Selskap
• Levering av mat
• Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

Open kyrkje på Dale

Soknerådet held fram med å opne kyrkja **kvar 3. laurdag i månaden kl 12-14**. Datoane i haust vert 19. august, 16. september, 21. oktober og 18. november.

Måndagstreff i Vaksdal kyrkje

Måndagstreffet tek no sommarferie, men soknerådet innbyd til nye treff på ettersommaren.



Vaksdal
BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO



tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no



DALETEC



**NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale
gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL
ALLE TID HER FOR

deg

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO
Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

DET SKJER I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndag kl. 11.00
Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30
same dag som storsamlinga.
27. august og 10. september

Formiddagstreff torsdag kl. 1130, med
andakt, song og musikk, matpause m.m.

Torsdag 14. september: Gjestar er Asle Hetlebakke
som har andakt m.m. Song og musikk v/Torhild
Skare, Bjørg Stormark, Karl Magnus Valle.

STANGHELLE BEDEHUS

Onsdag 23. august kl. 19.00: Møte v/Anita Solbakk

DALE BEDEHUS

Onsdag 20. sept.kl. 19.00: Møte v/Vegard Hetlebakke



SLEKTERS GANG



DØYPTE

Bergsdalen

09.04 Thea Sofie Tennefoss

Dale

01.05 Joel Seim Helgesen

20.05 Aiden Magnus Scannell Takvam

Stamnes

09.04 Karianne Rødskar Stamnes

Vaksdal

19.03 Theodor Seievåg Ness

19.03 Tobias Seievåg Ness

02.04 Andreas Lie Vassdal



VIGDE

Bergsdalen

20.05 Kristin Brekke og Bjørn Martinsen



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Bergsdalen

14.04 Lise-Lotte Dahle Småbrekke 1954

Dale

11.03 Else-Berit Holme Fenne 1942

19.03 Henrik Hesjedal 1924

20.03 Gerd Herborg Hårvik 1945

24.04 Odd Grenasberg 1933

Stamnes


07.03 Kjell J. Berge 1941

10.03 Sven Bruvik 1937

Vaksdal

24.03 Margot Oldervik 1930

23.05 Rune Langhelle Skar 1968



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 11. juni - 2. søndag i treeiningstida

FAGERTUN LEIRSTAD kl. 12.00 50-årsfeiring for Fagertun.
 Familiegudsteneste v/Kvamsøe m. fl.
 FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00. Fitjivasstemna v/Bø.
 Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 18. juni - 2. søndag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.
 STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.

Søndag 25. juni - 4. søndag i treeiningstida

AGNAVIKA kl. 15.00. Utegudsteneste???? ved Normann og
 Kvamsøe. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 2. juli - 5. søndag i treeiningstida

SKARVASTØLEN (i Bergsdalen) kl. 15.00. Stølgudsteneste
 v/Kvamsøe. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 9. juli - Aposteldagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste v/Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 16. juli - 7. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste v/Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 23. juli - 8. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.

Laurdag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl. 18.00. Olsokstemna v/Bø. Felles avgang frå
 Myster kl. 16.30. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 30. juli - 9. søndag i treeiningstida

VAKSDALKYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.

Søndag 6. august - 10. søndag i treeiningstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.
 DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.

Søndag 13. august - 11. søndag i treeiningstida

BEINHELLEREN (Trefall) kl. 12.00. Utegudsteneste v/Bø.
 Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 20. august - 12. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd.

Søndag 27. august - 13. søndag i treeiningstida

MESSEHAGEN (Dale) kl. 12.00. Familiegudsteneste med
 konfirmant-presentasjon ved Kvamsøe.

Søndag 3. september - Vingardssøndagen

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bergsdalsstemna/Rød-
 landsstemna 150 år! Gudsteneste v/Kvamsøe m. fl. Nattverd.
 Fest-kyrkjekaffi.
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste v/Kvamsøe.
 Nattverd.

Søndag 10. september - 15. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Skulestart-gudsteneste v/Normann
 og Bø. Konfirmant-presentasjon.
 VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Familiegudsteneste v/Bø.
 Konfirmant-presentasjon.

Søndag 17. september - 16. søndag i treeiningstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00 Gudsteneste v/Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 24. september - 17. søndag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste v/Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.
 VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe med konfirmantane
 som har vore på leir. Nattverd.

Oppdaterte opplysningar fom gudstenestene finn du her:

*Annonsar i lokalavisa same veka, plakatar, og på
www.kyrkja.no/vaksdal. Kontakt kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.*



Bunad og stakkastove as

ny bunad

omsøm

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastove.no